

NOU 2013: 1 «Det livssynsåpne samfunn

En helhetlig tros- og livssynspolitikk»

**Fjaler sokneråd (FS) viser til Kulturdepartementet sitt høringsbrev datert 11.2.2013.
Fjaler sokneråd sitt hørings svar 20.8.2013.**

Først Fjaler sokneråd sine generelle merknadar, deretter merknader til ein skilde kapittel i utreiinga. FS tek for seg forhold som omhandlar Den norske kyrkja sin aktivitet.

Generelle merknader

Kulturminister Hadia Tajik sa i sin tale ved overrekkinga av NOU m.a dette om trus- og livssynspolitikken: *«Men det er viktig å huske: Vi starter ikke med blanke ark. For det første har Norge en kristen-humanistisk arv. Den blir gjenspeilt i små og store sammenhenger.....» «Den norske kirke har en sentral og naturlig plass i diskusjonene som kommer.»*

FS er glade for at kulturministeren sa dette, for hovudintrykket etter å ha lese Stålsettutvalet si utreiing, er at utvalet synest å ta for lite omsyn til Den norske kyrkja si historieforteljing og plass i det norske samfunnet gjennom meir enn tusen år. Det kan verke som om vi ikkje lenger skal vedkjenne oss vår kristne historie og tradisjon.

Det er bra «at staten anerkjenner tro og livssyn som et felles gode i samfunnet.» (St.meld.nr 17 (2007-2008):18)

Stålsettutvalet sitt mandat slår fast at statens fremste oppgåve i trus- og livssynspolitikken er å sikre og beskytte trus- og livssynspolitikken. Utvalet vart også bedt om å «Legge til grunn at staten fortsatt skal føre aktivt støttende tros- og livssynspolitikk». Fjaler sokneråd støttar dette.

FS støttar også dei åtte grunnleggjande prinsippa som utvalet ønskjer skal bli brukt som grunnlag for ein framtidig trus- og livssynspolitikk. Omgrepet «Det livssynsåpne samfunn» er positivt i motsetnad til omgrepet «et livssynsnøytralt samfunn». FS støttar også, og håpar at det blir meir religion i det offentlege rom.

Stålsettutvalet skulle vidare leggje til grunn den tverrpolitiske kyrkjeforlikavtalen frå 2008 som eit samla storting sto bak. Forliket er grunnlaget for grunnlovsendingane som vart gjennomført våren 2012. Men overraskande går utvalet ut over sitt mandat, og eit fleirtal føreslår å gjere nye endringar i grunnlova. Det er ønske om å fjerne «*Værdigrunnlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv*» i § 2 frå grunnlova, samt gjere endringar i grunnlovas § 16. Grunngevinga synest å vere at vi må ha respekt for andre si tru og livssyn . At Stålsettutvalet fremjar dette svekkar dessverre utvalet sitt truverde, og svekkjer såleis utreiinga. Dette er uheldig då det elles står mykje bra og gjennomtenkt i utgreiinga, sjølv om vi i fleire høve tykkjer dei trekkjer likehandsamingsprinsippet alt for langt. Det synes som om utvalet er meir oppteken av å avgrense trussamfunnet Den norske kyrkja i staden for å leggje til rette for andre trus- og livssynsamfunn.

Etter grunnlovsendingane har Den norske kyrkja, sjølv om den har ei meir sjølvstendig stilling i høve staten, framleis ei særstilling som ei statleg støtta folkekyrkje, «Norges Folkekirke», med forankring i grunnlova.

Religionsfridom er eit grunnleggjande prinsipp etter endringane i § 16, og alle har krav på respekt for tru og livssyn. Det må etter FS sitt syn likevel kunne akseptast ei sakleg ulikskapshandsaming av majoritetar og minoritetar innan trus- og livssynsspørsmål. Dette strir ikkje mot menneskerettigheitane.

Den norske kyrkja er ei landsdekkjande folkekyrkje. Oppslutnaden er stor der om lag $\frac{3}{4}$ av den norske befolkning er medlemmer. Ikkje alle er like aktive i sitt kyrkjemedlemskap, men det synes likevel som at folk ønskjer å vere medlemmer og er takksame for at kyrkja er tilstade i alle livets ritar, i glede og i sorg. Staten har såleis eit særleg ansvar for at Den norske kyrkja framleis er landsdekkjande, der også dei som ikkje jamleg deltek i kyrkja sitt indre liv har sin rettmessige plass og ikkje vert utestengde.

Kyrkja har ansvar – kyrkja tek ansvar overfor det norske folk. Kyrkja er felles for nasjonen. Den norske kyrkja er ein kultur-, omsorgs- og riteinstitusjon.

Her ønskjer vi å trekkje fram NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014* der Enger-utvalet understreker at «*Den norske kirke har som folkekirke en særlig rolle som formidler av kulturarven, slik den er innvevd i kirkebygg og menneskers livsriter. Den norske kirke har en landsdekkende kulturell infrastruktur med tilstedeværelse i alle landets kommuner.*» (s. 312)

Pkt 1.5 Likebehandling Jfr prinsipp 5.

Utvalet meiner: «*Likebehandling er i seg selv en konsekvens av valget om å føre en aktiv støttende tros- og livssynspolitikk. Skal en stat føre en slik aktiv støttende politikk innenfor menneske-retthetenes rammer, må denne politikken bygge på likebehandlingsprinsippet.*»(s 20).

Fjaler sokneråd kan ikkje slutte seg til utvalets konklusjon i kapittel 10 «*... ved konflikt mellom likebehandlingsprinsippet og argumenter basert på historiske forhold, bør det for en framtidig politikk og for framtidige ordninger være slik at likebehandlingsprinsippet er overordnet argumenter basert på historiske forhold*». (side 114 spalte 2).

Konsekvensen av denne uttalen er ikkje gjennomtenkt. Faren her er at det religiøse tvert i mot kan verte utestengt frå det offentlege rommet. Omsynet til dei som ikkje har ein religiøs dimensjon i livet sitt kan kome til å fjerne religiøse uttrykk frå offentlege hendingar. Ei utvikling der staten ønskjer å utarbeide livssynsøytrale seremoniar er ei svært lite ønskt utvikling. Det verkar som om utvalet meiner at staten skal vere ein alternativ aktør på religions og livssynsfeltet.

– Jamfør ønsket om å utarbeide statleg «nøytral» gravferdsseremoni (tidlegare framme i media), og ønsket om å utarbeide ei rituell ramme rundt obligatorisk sivil ekteskapsinngåing (s206) «*høgtid og festpregede rammer*».

Dette kjem også til uttrykk når utvalet også seier: «*Felles nasjonale markeringer ved høytid, sorg eller krise er et offentlig ansvar, og dette ansvaret bør ikke delegeres til ett tros- og livssynssamfunn alene, heller ikkje Den norske kirke*». (s 25).

Fjaler sokneråd er uroa over denne utviklinga.

FS er difor glad for at «Støttegruppene» for 22. juli saman med statsministeren og kronsprinsparet har bede om å få markere toårsdagen for terroren i Oslo domkirke (Vårt Land 20. juli 2013).

Merknader til kapitla

GRUNNLOVSENDRING § 2 OG § 16.

Kapittel 10

- Fjaler sokneråd er sterkt usamd med fleirtalet i utvalet som ønskjer å endre grunnlova og fjerne «Værdigrundlaget forbliver vor kristne og humanistiske Arv.» frå § 2, og «Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten.» frå § 16.

Fleirtalet meiner at for å få eit endeleg skilje mellom staten og Den norske kyrkja må grunnlova endrast på nytt. Vi minner om at det var eit samla storting som, etter grundig handsaming, sto bak grunnlovsendingane i 2012.

Staten kan framheve ein religion og gje den særrettar. Det fastslo Den europeiske menneskerettsdomstolen i den såkalla «krusifikssaka» i 2011, der Italia fekk medhald i at staten kunne gje føretrinnsandsaming til ein religion som ein del av landets historie og kulturarv.

FØREMÅLSPARAGRAFEN FOR SKULEN Kapittel 11.2

- Fjaler sokneråd er imot å endre skulen sin føremålsparagraf, og meiner som utvalet sitt mindretal at det ikkje må kome fleire endringar her.

Utvalet sitt fleirtal føreslår også endring av føremålsparagrafen til skulen, trass i at den vart samrøystes vedteken i des. 2008, som eit resultat av kyrkjeforliket og grunnlovsendingane. Fleirtalet ønskjer at tilknytninga til kristen og humanistisk arv og tradisjon vert fjerna. Dette fordi samfunnet sitt verdigrunnlag ikkje bør bli relatert til ein bestemt religion eller eit bestemt livssyn.

KYRKJENE Kapittel 10

- Fjaler sokneråd støttar utvalet som meiner at støtteordningane til verna og freda kyrkjebygg bør vidareførast.
- Fjaler sokneråd går lenger og meiner at staten må overta kostnadane med vedlikehaldet for ein del av dei verna og freda kyrkjebygga, då fleire av desse bygga er for verdfulle til å overlatast til dels dårleg kommuneøkonomi.

Enger-utvalet framhevar kyrkjebygga si betydning rundt om i vårt vidstrakte land.

NOU 2013: 4 *Kulturutredningen 2014*. «*Kirkebyggene er sentrale kulturarvbærende arenaer som utvalget regner som en del av den kulturelle grunnmuren*».

Det er ei og fleire kyrkjer i alle kommunar. Kyrkjene er sterke kulturberarar som har betydning for mange fleire enn dei som jamleg nyttar byggja. Mange av kyrkjene inneheld også verdfulle kulturskattar. Det offentlege må difor framleis ha eit ansvar for og vedlikehalde kyrkjebygga. Staten må ta ein ny gjennomgang av alle verna og freda kyrkjebygg, og sikre at kulturskattar ikkje forfell. Dette må også gjelde kulturbygg eigd av andre trussamfunn. Slik det er no står kultur-skattar til forfall på grunn av dårleg kommuneøkonomi.

LIVSSYNSOPNE SEREMONIROM Kapittel 14

- Fjaler sokneråd støttar utvalet og meiner at det bør vere livssynsopne seremonirom i alle kommunar. Det er positivt at staten, som ei prøveordning, gir tilskot til bygging av livssynsopne seremonirom.

Det er viktig at det finnast «verdige» lokalar der personar som høyrer til andre trus- og livssynssamfunn samt personar som ikkje hører til nokon stad, kan ha sine seremoniar knytt til livsfasemarkeringar.

INSTITUSJON – Trus og livssynsteneste i offentlege institusjonar Kapittel 15

- Fjaler sokneråd ønskjer at ordninga med sjukehusprestar og prestar i forsvaret blir vidareført. Rådet meiner også at det må leggjast godt til rette for at andre ønske om kontakt vert ivareteke på ein god og sikker måte. Dnk si årelange og godt innarbeidde praksis med sjukehus- og fengselsprestar må ikkje «ofrast» med bakgrunn i likehandsamingsprinsippet som utvalet framhevar, men vi ønskjer at tilhøva vert lagt betre til rette for andre trus- og livssynssamfunn.
- FS støttar at det bør etablerast livssynsopne såkalla «stillerom» ved alle offentlege institusjonar.

- Dødsbodskap (s 182). FS støtter at regelen bør vere at politiet sjølve bør gå med dødsbodskap, alternativt helsepersonell.

FS meiner at dersom presten skal gå med dødsbodskap må det først undersøkjast om avdøde var medlem av Den norske kyrkja.

FS støttar utvalet i at «Den som gir dødsbudskapen, kan også ha med seg en liste over personer fra forskjellige tros- og livssynssamfunn som kan kontaktes.» (s 183).

VIGSELSMYNDE

Kapittel 17

- Fjaler sokneråd støttar utvalet sitt mindretal som meiner at Den norske kyrkja framleis skal ha vigselrett. Ordninga bør også vidareførast for andre trus- og livssynssamfunn. Ekteskapet er ein *juridisk institusjon* og såleis ei offentleg handling med sivilrettslege konsekvensar. Etter at Folkeregisteret overtok vigslarens prøving av ekteskapsvilkåra frå 1. oktober 2004, vart vigslarens lovbestemte plikter vesentlig reduserte. Det er no Folkeregisteret som prøver om ekteskapslovas vilkår for å inngå ekteskap er oppfylte. Dette var ei fornuftig endring, og etter vårt syn eit vilkår for at presten framleis kan vere vigslar. Vi opplever framleis at det er mange som ønskjer kyrkjeleg vigsel. Tida er, etter vår meining, difor enno ikkje inne til å endre gjeldande vigselpraksis. Vi støtter difor utvalet sitt mindretal som «*ser at det kan være enkelte prinsipielle utfordringer med dagens ordning, men mener de ikke er tungtveiende nok til å endre en ordning med dype røtter i det norske samfunnet som fungerer godt.*» FS er imot at staten skal utarbeide og tilby såkalla «nøytrale» vigselritualer. Dagens ordning er også den mest økonomisk gunstige for staten.

GRAVFERDSFORVALTINGA

Kapittel 18

- Fjaler sokneråd meiner at Den norske kyrkja ved fellestråda framleis skal ha ansvar for gravferdsforvaltinga – dette med bakgrunn i langvarig kultur og kompetanse. Dei nye endringane i gravferdslova sikrar at minoritetane blir ivaretatt på ein god måte. Jfr GL §1, §5, §6 og §23.
- FS meiner også at:
 - ✓ Kommunane bør ha hovudansvaret for planlegging og opparbeiding av nye gravplassar. Kommunen har kompetanse på bygg og anlegg.
 - ✓ Godkjenning og anke vedkomande gravplassar og gravplassforvaltinga vert flytta frå bispedømerådet til eit nasjonalt nivå.
 - ✓ Gravplassrådgevarstillinga bør flyttast frå bispedømerådet til nasjonalt nivå.

Kyrkjeforliket frå 2008 som resulterte i endringar i gravferdslova i 2011, har stadfesta at kyrkjeleg fellestråd framleis skal ha gravferdsforvaltinga. Slik er det også i alle dei andre nordiske land der majoritetskyrkja har ansvar for gravferdsforvaltinga.

På same måte som tidlegare utreiingar og høyringar om kven som skal ha ansvar for gravferdsforvaltinga, meiner også dette utvalet at kommunane skal ta over forvaltinga. (Kap 18.11). Utvalet meiner at det heller ikkje skal vere opning for samarbeid mellom fellestråda og kommunen slik det er i dag.

At Den norske kyrkja ikkje lenger skal få ha gravferdsforvaltinga, er blitt eit prinsipp, og også her strekkjer dette utvalet likebehandlingsprinsippet alt for langt. Det er ikkje «belegg» for å meine at den «nøytrale» kommunen vil møte pårørande som skal gravleggje sine kjære betre enn Den norske kyrkja med si livssynsmessige forankring og lange tradisjon. Vi finn inga anna grunngeving for endringa enn likebehandlingsprinsippet, og vi finn ingenting om at fellestråda har misbrukt tilliten sin. Fellestråda skårar høgt i brukarundersøkingar om kor godt nógde folk er med gravferdsforvaltinga. Undersøkinga viser at også andre trussamfunn er godt nógde, ja for dei er det faktisk viktig at dei møter eit trussamfunn og ikkje ein nøytral

instans. Norsk katolsk bisperåd, som er det trussamfunnet som er i sterkast vekst i Norge, meinte også at Den norske kyrkja bør ha gravferds-forvaltinga ut frå at det har vore ein tradisjon som har vore god. Oslo Katolske Bispedømme meiner at dagens ordning bør vidareførast, og peiker på at Den norske kyrkja ivaretek oppgåva på «*en måte som er allment respektert, at de fleste Nordmenn er knyttet til kristne trossamfunn, og at en kirkelig forvaltning er best egnet til å sikre at integriteten til både kristne og andre blir ivaretatt.*» (s 216).

Det er også verd og merkje seg at Begravelsesbyråas si foreining meiner det same ut i frå gode erfaringar med kyrkjeleg ansvar.

På bakgrunn av dette er det veldig spesielt at også dette utvalet berre vektlegg det prinsipielle og ikkje omtalar kva som er problemet med dagens forvaltning der trussamfunnet Den norske kyrkja forvaltar denne samfunnsoppgåva for alle.

Endringa i gravferdslova seier at «*Gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn.*» § 23. Forvaltningsansvar. *Den som har forvaltningsansvaret for gravlegging i kommunen, innbyr minst en gang i året de tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet, til et møte for å drøfte hvordan tros- og livssynssamfunnenes behov ved gravferd kan ivaretas. Møtet kan avholdes som et felles møte for flere kommuner.* Dette ivaretek, som tidlegare nemnt, minoritetane.

Det er etter vår meining ikkje avgjerande om det er Den norske kyrkja eller kommunen som eig gravplassane.

Mange stader er kyrkje og kyrkjegard sterkt knytt saman i og med at kyrkjegarden ligg ved kyrkja. Kyrkja er eigd av soknet og dette kan ikkje endrast. At kyrkjegarden som ligg rundt kyrkja skal skifte eigar og bli kommunal vil skape mykje strid om kor grensene skal gå – kven skal til dømes eige parkeringsplassane? Nyare gravplassar blir i dag også plassert i avstand frå kyrkja og der må kommunen gjerne vere eigar.

Det bør kanskje bli ei enda større endring av ansvarsforholdet ved anlegging av nye gravplassar. I den nyleg endra gravferdslova er kommunane sitt ansvar presisert. Kommunen, som skal finansiere gravplassen, bør vere enda sterkare inne i planlegging og utforming av gravplassen.

Bispedømet sitt ansvar knytt til gravferdsforvaltinga bør opphøyre og overtakast av eit nasjonalt nivå. Ansvar for gravferdslova bør knytast til eit departement/ departementsavdeling som ikkje er knytt til eit trussamfunn.

Det var overraskande at stillinga som Gravplassrådgjevar vart flytta til Tunsberg bispedømmeråd. Gravplassrådgjevaren bør framleis tilsetjast av departementet, som også bør vere arbeidsgjevar.

SKULEGUDSTENESTE Kapittel 19 (19.4.2.3)

FS er glad for at eit fleirtal av utvalet meiner at det framleis kan arrangerast skulegudstenester og håpar at ein slepp stadige diskusjonar/omkampar framover om dette temaet.

ØKONOMI OG OFFENTLEGE FINANSIERINGSORDNINGAR Kapittel 22

Fjaler sokneråd støttar «Kyrkjeforliket» frå 2008 som slår fast at finansieringsordninga som gjeld i dag skal vidareførast.

Av dei nordiske landa er det Norge som har dei beste tilskotsordningane. Vi støttar at det blir arbeid for å få ei mest mogeleg rett medlemsregistrering, sjølv sagt også for Den norske kyrkja. Dåpen må framleis vere kriteriet for medlemskap i Den norske kyrkja. FS støttar

utvalet i at alle som skal løyse ut tilskot må vere busett i Norge og aktivt ha registrert seg i eit trus- og livssynssamfunn. FS meiner derimot at det framleis må vere delt finansiering mellom lokal – kommunane og staten slik som i dag.

Ståsetutvalet meiner at ei statleg tilskotsordning er betre enn vår todelte ordning mellom stat og kommune. Også her er det likehandsamingsprinsippet som for utvalet er det overordna prinsipp.

Grunnlova § 16, som utvalet ønskjer å endre: « *Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsøvelse. Den norske Kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan af Staten. Nærmere Bestemmelser om dens Ordning fastsættes ved Lov. Alle Tros- og Livssynssamfund skulle understøttes paa lige Linje.*»

Trass i stadig trongare kommuneøkonomi trur vi likevel at kommunal delfinansiering av Den norske kyrkja vil vere med å sikre at vi får ei landsdekkjande folkekyrkje.

FØDSELSMELDING Kapittel 25.6

Ståsetutvalet meiner at «*Fødselsmelding om trostilhørighet til folkeregisteret fra sjukehus og lignende avskaffes.*»

Den norske kyrkja får fødselsmelding frå Folkeregisteret slik at vi kan sende ut invitasjon til dåp.

Over 90 % høyrer til Dnk, og difor meiner

- Fjaler sokneråd at praksisen med fødselsmelding bør halde fram. Dette med bakgrunn i det livssynsopne samfunnet. I staden for å innskrenke dagens praksis, bør det leggst til rette for at andre trus- og livssynssamfunn får tilsvarende informasjon.

Fjaler sokneråd
Møte 20.08.2013



Irene Fløde
Kyrkjeverje